

Her er vannkantpromenaden !

07.06.2014

Vannkantpromenade Uskedalen. Kvaliteter og potensial



Multiconsult har lagt for dagen stor fantasi i planleggjringa av arealstrategien for Uskedalen. Eit prosjekt som soleis er eigna til å vekka merksemd er vannkantpromenaden med vurdering av kvaliteter og potensial.

Ta ein kopi og vurder sjølv!

Planleggarane opererer til dømes med VARMETORGET, som på varme soldagar vil fungera som serveringsplass og møteplass mellom lokale og turistar. På kaldare dagar kan uteområdet vere utstyrt med ein 'hottub'. Ideen er illustrert med foto frå Bergen.

UNGDOMSTORGET er eit fleirbruksareal med harde overflater faste stativer og anna fast møblement. Stål, asfalt og betong kan nyttast og torget rettar seg mot ungdommar som vil utfordra seg sjølve med til dømes skating og utetrenings. Ungdom kan samlast der rundt bilat om kvelden.

FAMILIESTRANDEN er ved elvemunningen og ei utviding av sandsonen, av særleg interesse for dei med småborn. Her vert det mellom anna bli vist til Øystese.

ELVEPROMENADEN går langs elva via bruia og opp til uteamfiel.

FJORDSVINGEN er innanfor vegen mot Flatholm og kan føye saman skuleområdet og holmen.

I samband med overskiften BOLIG og PROMENADEN er eit område markert i gult tenkt til fortetting. Tomtene her (langs Geilo) har relativt låg utnyttingsgrad. Det kan vera aktuelt med ein trase bygd ut i fjorden grunna terrengtilhøva.

Det er også teikna inn ein SYKKELSKOG i Beinavikjo, utanfor naustområdet.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen